



## MØTEREFERAT

Politiråd 13. des 2024

Referent	Saksarkivnr.	Dato
Vigdis Gammelsæther	2022/3736-9	20.12.2024

**Tid og stad: 13. desember 2024, Rosendal Rådhus**

**Invitasjon sendt digitalt 25. oktober.**

**Tilstades: Ordførar Vegard Bjørgvik, kommunedirektør Leif Ove Mikkelsen, lennsmann, Sektorleiar for oppvekst Heidi Solheim, Linn Stene Hellås for Sektor omsorg, Are Uppheim førebyggjande politi, Vigdis Gammelsæther SLT koordinator**

- 1) Orientering frå politistasjonssjef Sigurd Børve om trusselvurdering – sjå presentasjon som vedlegg til referatet.

Generelt har vi lite kriminalitet i Kvinnherad, mykje grunna godt førebyggjande arbeid frå både kommunen og politiet. Det gjerast mykje rett der samarbeidet mellom politi og kommune er svært godt og der problemstillingar handterast raskt og på eit lågt nivå.

Det er viktig at våre inbyggjarar har ein låg terskel for å melda i frå om forhold som truar våre lokalsamfunn.

- Ein observerar trugslar mot demokratiske verdiar, også noko vi skal være bevisste i Kvinnherad. Våre folkevalde skal tåle meiningsutveksling, men dei skal også kunne ha dei i gode rammer utan hets.
- I byar ser ein auke i rekruttering av unge menn til kriminelle nettverk med internasjonal tilknytning. Ser og auke av vald, ran og valdtektar utført av ungdomar ned i 14 års alder. Dette kan og skje hjå oss.
- Partnervald og valdtektar og digitale valdtektar har eit stort omfang – også i Kvinnherad. Her er og store mørketal. Har vore ei utvikling i tolking av lovparagrafar slik at lovverket er betre tilpassa terrenget enn tidlegare.
- Digitalt bedrageri inn mot eldre befolkning har stort omfang og det er oppretta nasjonal bedragerienhet på Gjøvik.

- 2) Kortfatta orientering om UngData tala frå 2024 – sjå presentasjon – sjå presentasjon som vedlegg til referatet.

- Majoriteten av ungdom er nøgd med liva sine og med foreldra sine i Kvinnherad. Dei rapporterar om generelt høg trivsel i skule og det er ei positiv auke i fysisk deltakelse i aktivitet blant ungdom.
- Ni av ti unge har ein ven dei kan stole på.

- Bekymringsfull endring knytt til skjerm. Betydeleg nedgang i foreldre sin begrensing av, og bekymring kring, skjermbruk hjå unge. Skjerm har gitt reduksjon i konflikt i heimen, medan ungdom sin tid på skjerm har auka. Vi ser eit tydeleg auke i søvnproblem blant unge og at ungdom ikkje klarar å redusere skjermtid sjølv.
- Alkohol: vi ser eit auke i andel ungdom som drikk alkohol jevnleg. Dei er ikkje yngre når dei startar å drikke, men dei drikk oftare og meir.
- Vi ser eit stort auke i at 38 % av ungdom rapporterar at dei får lov å drikke alkohol før fylte 18 år mot 16 % i 2019.
- Auke i ungdom som nyttar reseptfrie smertestillande og melatonin for sjølvmedisinering.
- Stabile, men høge tal av ungdom som har ei oppleving av tristhet eller depresjon.

3) Orientering om arbeidet gjort i 2024: det var eit samla ynskje inn mot politiråd 2023 at det vert jobba fram eit meir heilskapleg førebuaende program for barn og unge i kommunen. Som eit ledd i detta har Eining Barn og familie i samarbeid med politiet og representantar frå skulane evaluert det førebyggjande programmet Ung i Kvinnherad og forslag til endringar.

#### Evaluering av Ung i Kvinnherad

- For mykje informasjon blir gitt på for kort tid kun på eit punkt (7. Trinn).
- Informasjon og dialog med elevar og foreldre gjentakande gjennom oppveksten til barna. Fokus bør være på psykisk helse (inkludert grensesetting, søvnhygiene, skjermvanar) frå ung alder og rus og nettvett når elevane blir eldre.
- Vi anbefaler å leggje eit forebyggjande løp der foreldre får fagleg oppdatert informasjon og vert styrka i grensesetting tidleg; der elvane får aldersadekvat informasjon, gjentakande gjennom skoleløpet, særleg ved dei punkta der dei startar med eksperimentering av eksempelvis bildetaking, sosiale media, alkohol, sex, narkotika.

#### Anbefalingar

- Barnehage: Barn og familie deltek i foreldremøter. Tilbyr foreldrekurs.
- 1.Klasse: skulehelseteneste deltek i foreldremøter og har elevsamtalar - grensesetting + skjerm med oppdatert og likt innhald
- 1.-4. Klasse: skulen jobber med psykisk helse i tråd med læreplan. "Eg veit" 1.Klasse: skulehelsetenesten har foreldresamarbeid – skjerm og mobilbruk
- 6. klasse: Politiet kjem inn og har delbart og tilpassar innhald til behov i dialog med skule. Foreldre får informasjon heim.
- 7. klasse: Fokus på ernæring, kropp og psykisk helse - må arbeide fram eit program.
- 8. klasse: delbart for elevar på dagtid og foreldre på kveld med fokus på å bli kjent og sette nokon felles rammer
- 9. klasse: Veke 6 på dagtid og foreldremøte med elevar og foreldre på kveld. Fokus på alkohol og rus.
- 10. Klasse: samtale med politiet om rus på dagtid.
- KVV - trafikkisikringsdag i 1 kl, og årlege møter med russen haust/vår 3. kl med fokus på inkludering, rus og samtykke ved seksuell aktivitet.

4) Satsingsområder for 2024 – sjå oppdatering i presentasjon.

- a. Forebygging av vald og overgrep - oppdatering
- b. Psykisk helse – kortfatta oppdatering
- c. Rus
- d. Trafikktryggleik

5) Satsingsområde for 2025

Politirådet konkluderer dei følgande fire punkta som satsingsområde for 2025. Kriminalitet blant ungdom er teken med inn som eit fokus. Det har vore ei auke i sakar kring handlingar som tangerer kriminalitet blant grupperingar av ungdomar.

- a. Førebygging av vald og overgrep
- b. Rus og kriminalitet
- c. psykisk helse
- d. Trafikktryggleik